

## To vil verta teknisk sjef

To søkarar meldte seg då stillinga som teknisk sjef i Sauda kommune vart lyst ledig. Teknisk sjef Øystein Tveit har sagt frå at han ønsker å gå av til våren, og kommunen starta då prosessen med å tilsetta ein ny person i stillinga.

– Me har fått inn to søknadar, og har intervju i dag, faktisk (torsdag, red.mrk.).

Me tek sikte på å få ei rask avklaring, opplyser rådmann Nils Moldøen til Ryfylke.

Moldøen ønsker ikkje å gå ut med namn, men fortel at dei to søkarane er lokale personar, og han karakteriserer dei som interessante kandidatar.

– Me håpar å få dette til, seier han om prosessen med å tilsetta ny teknisk sjef.

## Ingeniør på veg

Ingeniørar er etterspurt arbeidskraft på ein oppheita arbeidsmarknad. Sauda kommune har lenge hatt ledig stilling som ingeniør som kan arbeida med vatn og avløp.

Rådmann Nils Moldøen er glad for at den situasjonen nå har løyst seg.

– Me har tilsett ei ung dame frå Nederland i stillinga. Familien – ektefelle og tre gutar i barnehage- og skulealder – kjem til Sauda før jul, seier Moldøen, fornøgd med både å ha fått fylt opp ei ledig ingeniørstilling og at nok ein familie flyttar til Sauda.

## Folketalet i Norge stig

Folketalet i Norge var per 1. oktober på 4 721 600 personar, melder Statistisk sentralbyrå. Folketilveksten i tredje kvartal var på 17 000 personar, noko som er ein auke på 5 600 i forhold til same kvartal i fjor. Folketilveksten i dei tre første kvartal til saman var på 40 500 personar. Til samanlikning auka folketalet med 40 900 personar i løpet

av heile 2006, noko som er rekord.

Grunnen til at folketalet stig så kraftig ligg i auka innvandring. I dei tre første kvartal i år var det 43 800 innflyttingar frå utlandet, eller 9 800 fleire enn i fjor. Den største gruppa av desse kjem frå Polen. Så langt i år har det kome 9 600 polakkar til Norge.

# Himplaleite trekte full sal

**Stavanger 2008 inviterter til folkemøte om "Mot Himplaleite". Saudabuen stilte opp og fylte kinosalen.**

■ FRANK WAAL

Knappe fire månader før 9,4 millionarprosjektet "Mot Himplaleite" blir arrangert i Svandalen, går arrangør Stavanger 2008 i gang med ein storstilt vervekampanje av frivillige.

200 personar fylte kinosalen tysdag kveld for å høyre meir om arrangementet som skal ha Djuvsbotn i Svandalen som arena i mars neste år.

– Eit slikt prosjekt har aldri blitt gjennomført i Norge før, men me treng mange frivillige skal me få dette til, var den klare beskjeden frå prosjektleiaren Mocchi Ryen.

Nøyaktig kor mange frivillige arrangøren er avhengig av, kunne Ryen ikkje svare på tysdag.

– Jo fleire, jo betre. Det er eit voldsomt apparat me må mobilisere, men dei som blir med får vere med på noe som eg trur blir veldig bra, sa Mocchi Ryen frå scenekanten.

### Vise fram kultur-Sauda

Det er ikkje berre frivillig mannskap som arrangementet "Mot Himplaleite" er avhengig av. I tillegg til den profesjonelle førestillinga som Dans Design står bak, skal også lokale kulturelle krefter få lov til å vise seg fram. Frå publikum entrar skisenteret under dei tre eller fire arrangementsdagane i mars, skal dei frammøtte ta seg gjennom to område som skal syde av aktivitet utført av lokale krefter, før hovudførestillinga begynner.

### Norges beste dansarar

I sjølve hovudførestillinga vil 15 av Norges beste dansarar delta, ein av verdas beste balansekunstnarar, fire profesjonelle musikarar, 30 lokale songarar, 10 profesjonelle jibberer og 10 lokale jibberer og snøbrettkjørarar. Jibbing er alpinsport som minner litt om tradisjonell fristil-hopping på ski.

### 1000 kvar kveld

Arrangøren håpar på 1000 tilskodarar kvar kveld.



**MANGE NYSGJERRIGE:** 200 personar møtte fram og ville høyre kva 2008-prosjektet i Svandalen går ut på. I forgrunnen ordførar Laura Seltveit og sentrale personar i den lokale arrangementskomiteen: Jakob Svandal (frå venstre), Ragnar Fosstveit, Lars Reidar Fosstveit og Mette Seim.

– Me har gjort avtalar med fleire hytteeigarar for å innlosjere arrangementsstaben. Me ønsker ikkje å legge beslag på hotellsengene, da desse bør vere for tilreisande som ønsker å sjå arrangementet, opplyste Ryen.

I utgangspunktet er det sett opp tre førestillingar, men arrangøren håpar på ei ekstraførestilling. Ryen håpar på opp mot 2000 tilreisande, noe som er langt fleire enn det er hotell-senger i Sauda.

### Privat Bed & Breakfast

– Me har lyst til å få til eit Bed & Breakfast-prosjekt i Sauda under arrangementet. Mange har hus med ledige rom. Kvifor ikkje leige ut til tilreisande under arrangementet? Eg trur det kan bli spennande, samtidig som det auker overnattingskapasiteten i Sauda desse dagane i mars, var oppfordringa frå prosjektleiaren Mocchi Ryen.

## Kanskje kjem kronprinsparet



**PROSJEKLEIAREN:** Mocchi Ryen, prosjektleiaren i "Mot Himplaleite", hausta applaus da ho opplyste at kronprinsparet er invitert til Sauda av Stavanger 2008.

**Kronprins Haakon og kronprinsesse Mette Marit er invitert til Sauda under "Mot Himplaleite" neste år.**

Ifølge prosjektleiaren Mocchi Ryen er "Mot Himplaleite" i Svandalen eit av dei prioriterte arrangementa til Stavanger 2008. Derfor er kronprinsparet invitert til Sauda i mars for å sjå 9,4 millionararrangementet.

– Om dei kjem, eller må delta i eit eller anna royalt bryllaup, veit eg ikkje, kunne Ryen avsløre for ein fullsett kinosal under folkemøtet tysdag.

Dei 200 frammøtte saudabuane responderte med spontan applaus. Det er Stavanger 2008 som har invitert kronprinsparet.

**Dette er noen av oppgavene "Mot Himplaleite" treng frivillige til:**

Sjåførar	Vakter
Billettørar	Kaffekokarar
Vaffelsteikarar	Syarar
Snikrar	Utstyrsberarar
Vertar	Vaskarar
Servitørar	Målarar
Dekoratorar	Snøskuffarar
Administratorar	Lyd- og lysfolk
Reparatørar	Montørar

– "Mot Himplaleite" er eit av dei tre største arrangementa til Stavanger 2008, og noe som dei satsar mye på, kunne Mocchi Ryen opplyse.

frank@ryfylke.net